

Sunnfjord Høgre sitt program for 2023-2027



Programkomiteen sitt endelege framlegg til program

Innleiing

Denne vil bli ettersendt eller lagt fram i møte.

Innhald

Oppvekst og utdanning	4
Barnehage	4
Grunnskule	4
Studentbyen Førde	5
Hjelp når du treng det	5
Helsetenester	5
Eldreomsorg	5
Psykisk helse	6
Rusreform	6
Samferdsel og infrastruktur	7
Ein meiningfull kvardag for alle	7
Arbeid og sosial	7
Integrering.....	8
Kultur, idrett og frivillegheit	8
Næring	9
Klima og miljø	9

1 Oppvekst og utdanning

2 Barnehage

3 Barnehagane i Sunnfjord skal vere ein omsorgsarena, ein stad for leik og læring, og der god kvalitet blir
4 særleg vektlagt. Med barnet i sentrum skal ein ha fokus på medverknad, opplevingar og utfolding i
5 samarbeid med dei føresette.

6

7 Sunnfjord Høgre vil:

- 8 • Jobbe for søskenmoderasjonsordninga i barnehage og SFO
- 9 • Kartlegge språkferdigheiter allereie i barnehagen
- 10 • Styrke innsatsen for å oppdage sårbare born i barnehagealder
- 11 • Jobbe for framleis full barnehagedekning og sommarope
- 12 • Jobbe for fleire pedagogar og legge til rette for etter- og vidareutdanning
- 13 • Sikre mangfald i barnehagetilbodet og likebehandle private og offentlege barnehagar

14

15 Grunnskule

16 Sunnfjordskulen skal bli den beste i landet. Elevane skal få moglegheit til å løftast opp frå det nivået dei er
17 på, difor er det viktig å styrke kvaliteten slik at elevane får eit endå betre grunnlag for å lukkast. Sunnfjord
18 Høgre vil prioritere ekstra innsats innanfor dei grunnleggande ferdigheiter slik at alle skal kunne lese,
19 skrive og rekne når dei går ut av skulen.

20

21 Sunnfjord Høgre vil:

- 22 • Satse på læraren som den viktigaste innsatsfaktoren i skulen
- 23 • Halde fram med å tilby etter- og vidareutdanning til lærarar
- 24 • Ha som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i dei faga dei underviser i
- 25 • Gjennomføre ei lokal ungdomskulereform for å sikre meir praktisk læring og fullføring
- 26 • Sikre ein forsvarleg og føreseieleg skulestruktur til det beste for heile kommunen
- 27 • Satse på IKT-utstyr og læremiddel, og sørge for naudsynt oppgradering og vedlikehald av
28 dette
- 29 • Sikre og styrke ei forsvarleg PP-teneste
- 30 • Vurdere å opprette eit PPT-kontor som kan tilby tenester til andre kommunar
- 31 • Redusere fråværet i ungdomsskulen
- 32 • At det er opp til kvar enkelt lærar å avgjere om ein skal nytte mobilbruk i undervisning
- 33 • Etablere ei mentorordning for nyttilsette lærarar
- 34 • Opne for meir fleksibel skulestart
- 35 • Styrke skulen si plikt til å følge opp elevar som treng ekstra oppfølging i grunnleggande
36 ferdigheiter som skrivning, lesing og rekning i 1.- 4. klasse
- 37 • Behalde lekser (Dissens: Stryke punkt. Steinar Kvame)
- 38 • Styrke rådgjevingstenesta
- 39 • Prøveordning med kvalifiserte folk frå næringslivet til å undervise tema og fag på
40 ungdomsskulen
- 41 • Sikre openheit kring skuleresultat
- 42 • Innføre eit sommarskuletilbod i Sunnfjord
- 43 • Prioritere nybygg og vedlikehald av skulebygg, og sikre elevane gode uteareal.
- 44 • Jobbe for at alle skulane i Sunnfjord skal ha miljøarbeidarar
- 45 •

46

47

48 Studentbyen Førde

49 Det må vere attraktivt å studere i Førde. Skal vi lukkast med å oppretthalde arbeidsplassar, skape nye
50 jobbar og utvikle tenestene i alle landets kommunar, er vi heilt avhengig av oppdatert kompetanse. Og for
51 å sikre slik kompetanse, må ein gjere den meir tilgjengeleg, fleksibel og tilpassa dei ulike behova
52 næringsliv og enkeltmenneske har. Difor er det viktig å utvikle Førde som studentby

53

54 Sunnfjord Høgre vil:

- 55 • Styrke dagens studietilbod, og legge tilrette for nye utdanningar.
- 56 • Tilby sommarjobbar for elevar og studentar
- 57 • Regulere tomter til studentbustadar raskt
- 58 • Jobbe for eit nytt universitetsbygg i Førde

59

60 Hjelp når du treng det

61

62 Helsetenester

63

64 Det blir stadig fleire eldre i Noreg, noko som vil skape eit press på helse- og omsorgssektoren.
65 Dette stiller ekstra krav til norske kommunar som skal yte helse og omsorgstenester til sine
66 innbyggjarar.

67

68 Alle innbyggjarar i Sunnfjord kommune skal vere sikra gode helsetenester innan somatikk,
69 psykiatri og rusomsorg.

70

71 Det skal vere trygt og godt å bli eldre i Sunnfjord. Dette krev at Sunnfjord kommune må ha eit
72 auka fokus på eldreomsorga og forhold som er viktige for ei aldrande befolkning. Dei fleste eldre
73 ønskjer å bu heime så lenge som mogleg, og kommunen må på alle plan legge til rette for at
74 dette kan skje. Dei som treng omsorgsplass skal få tilbod om dette. Innhaldet i tenestene skal
75 vere gode, og brukarane samt deira pårørande sine ønskjer skal så langt som mogleg
76 imøtekomast.

77

78 Sunnfjord Høgre vil:

- 79 • Sikre tilgang til gode helsetenester for alle innbyggjarane
- 80 • Sikre fastlegeordninga
- 81 • Sikre at kommunen er konkurransedyktig med tanke på rekruttering av
82 helsepersonell
- 83 • Styrke skulehelsetenesta for alle elevar i kommunen
- 84 • Sikre eit godt samarbeid mellom kommunen, spesialisthelsetenesta og
85 utdanningsinstitusjonane
- 86 • Styrke barnevernstenesta i kommunen
- 87 • At råd for ungdommar, eldre og menneske med nedsett funksjonsevne får
88 medverke i relevante saker
- 89 • Sikre ei god avlastingsordning for pårørande og andre som tek seg av
90 pleietrengande som bur heime
- 91 • Satse på kvardagsrehabilitering i kommunen

92

93

94 Eldreomsorg

95

- 96 Sunnfjord Høgre vil:
- 97
- 98
- 99
- 100
- 101
- 102
- 103
- 104
- 105
- 106
- 107
- 108
- 109
- 110
- 111
- 112
- 113
- 114
- 115
- 116
- 117
- 118
- 119
- 120
- 121
- 122
- Legge til rette for at eldre kan bu heime så lenge som mogeleg
 - Gje tilbod om førebyggjande heimebesøk til alle over 70 år
 - At eldre og menneske med demenssjukdommar får tilbod om tilrettelagde dagtilbod/aktivitetssenter
 - Stimulere til bygging av bustader som er tilrettelagt for eldre og der det inngår fellesareal og servicefunksjonar
 - Legge til rette for gode uteområder og generasjonsmøteplasser, for eksempel mellom barnehage og omsorgssenter
 - Legge til rette for flere aldersvennlige uteområder
 - Sikre eldre god og næringsrik mat, større valfridom i mat- og måltider
 - Samarbeid med frivillige for å førebygge og redusere einsemd, inaktivitet og fare for underernæring hos heimebuande eldre
 - Sikre at kommunen har nok aldersbustader og omsorgsplassar for ei aukande gruppe eldre i heile kommunen
 - Planlegge for å bygge demenslandsby og bufellesskap for personar med demens
 - Sikre valfridom med hensyn til kor i kommunen ein ønskjer omsorgss plass
 - Leggjje til rette for at gifte og sambuande kan få bu i lag på omsorgsheim
 - Tilrettelegge for aktivitetar på omsorgsheimane både på dagtid, kveldstid og i helgane
 - Gi gode tilbod om fysisk aktivitet
 - Støtte frivillige organisasjonar som jobber for å hindre digitalt utanforskap, til dømes Seniornett
 - Sikre betre opplæringsverktøy slik at eldre kan bli sjølvstendige digitale brukarar
 - Sunnfjord kommune skal tilby dei eldre digital assistanse, til dømes ei ordning med digital heimehjelp eller på bibliotek og servicetorg

123 Psykisk helse

- 124 Sunnfjord Høgre vil:
- 125
- 126
- 127
- 128
- 129
- Ha fleire lågterskeltilbod innan psykisk helse
 - Sikre gode tilbod innan psykisk helsevern for alle som treng det
 - Tilby sentrumsnære bueiningar som er tilpassa psykiatrien
 -

130 Rusreform

- 131 Sunnfjord Høgre vil innføre ei lokal rusreform etter modell frå Oslo og dei andre store byane.
- 132 Kommunen skal ha ein verdig og human rusomsorg som ikkje har som mål å straffe brukaren,
- 133 men sørge for at rusavhengige får god oppfølging hos kommunen og kommunen sine
- 134 samarbeidspartnarar. Det er viktig oppgåve for kommunen å førebygge rusmisbruk.

- 135 Sunnfjord Høgre vil:
- 136
- 137
- 138
- 139
- 140
- 141
- 142
- 143
- Sikre eit godt tilbod innan rusomsorg for alle som treng det
 - Gjennomføre ei lokal rusreform med mål om å hjelpe dei avhengige framfor å straffe dei
 - Prioritere ein eigen ressurs som ruskoordinator som har i oppgåve å jobbe med førebygging og livsmeistring
 - Vidareutvikle gode samarbeidsordningar på tvers av regionar og etatar, spesielt innan rusomsorg, vald i nære relasjonar, barnehuset og overgrepsmottaket
 - Tilby bueiningar som er tilpassa psykiatrien

144 Samferdsel og infrastruktur

145 Høgre vil føre ein samferdselspolitikk som sikrar trygge og gode vegar i tillegg til eit godt
146 kollektivtilbod.

147 Sunnfjord Høgre vil:

- 148 • Binde bu- og arbeidsregioner betre saman gjennom raske og trygge vegar
- 149 • Betre trafikktryggleiken ved særleg utsette punkt
- 150 • Auke satsinga på kollektivtransport med gode sambindingar
- 151 • Auke tilgang på hurtig- og lynlading i Sunnfjord kommune
- 152 • Gå gjennom dagens parkeringsordning og sikre ei heilheitleg parkeringsordning, også om
153 dette skulle innebere avgift. (DISSENS: Anne, Martin. Ikkje krevje inn parkeringsavgift så
154 lenge det blir krevja inn bompengar)
- 155 • Utvikle Førde Lufthamn, Bringeland, med tenelege flyruter til Oslo og jobbe for nye
156 direkteruter til Bergen, Trondheim og Stavanger, samt pilotprosjektet med elfly.
- 157 • Sikre god digital infrastruktur i heile kommunen
- 158 • Byggje gang- og sykkelvegar mellom skular og sentrumsområde
- 159 • Utbetre kommunale vegar og bruer for å redusere vedlikehaldsetterslepet
- 160 • Oppgradere akseltrykk slik at vegar og bruer ikkje blir ein flaskehals ved uttak av tømmer
161 for tømmerneringa.

164 Sunnfjord Høgre vil arbeide for realisering av følgjande prosjekt:

- 165 • Førdepakken
- 166 • E39 Storehaug – Moskog, ny veg og tunell
- 167 • Ny veg R5 Erdal-Naustdal
- 168 • Utbetring Fv 57 Dale – Storehaug
- 169 • Utbetring Fv 611 Naustdal – Vevring med god tilkomst til gruveprosjekt
- 170 • Utbetre Fv 13 Rørvikfjellet
- 171 • Fv. 609 Førde-Askvoll, Heilevangtunellen
- 172 • Utbetre fv. 610 Matbjøra

173

174

175 Ein meiningfull kvardag for alle

176 Arbeid og sosial

177

178 Sunnfjord Høgre er opptatt av at vi får fleire i arbeid. Derfor vil vi styrke arbeidet med at fleire
179 personar med hol i cv eller har ein funksjonshemming blir tilsett i Sunnfjord kommune. Dette vil
180 gje ein mangfoldig arbeidsstyrke og bidra til å inkludere personar som ofte står utanfor
181 arbeidsmarknaden.

182

183 Sunnfjord Høgre vil:

- 184 • Sunnfjord kommune bør innføre eit mål om at 5% av alle tilsette, der det er muleg, skal
- 185 vere personar med hull i CV'en, og for personar med spesielle utfordringar.
- 186 • Jobbe for å tilby fleire praksisplassar til unge og studentar.
- 187 • Tilby fleire lærlingplassar
- 188 • Oppfordre næringslivet til å være med på ein jobbdugnad med mål om at fleire personar
- 189 skal komme i arbeid.
- 190 • Støtte prosjekt som Individuell jobbstøtte og andre prosjekt som arbeider med å få fleire i
- 191 jobb
- 192 • Jobbe for at unge ikkje fell permanent utanfor arbeidsmarknaden.
- 193

194 Integrering

195 Sunnfjord Høgre er opptatt av ein integreringspolitikk som får folk ut i arbeid og gir dei eit godt
 196 grunnlag for å lære seg norsk. Vi meiner integreringspolitikken må stille krav etter resultat og
 197 innsats. Samstundes som kommunen og samfunnet ellers bidra så godt som mogleg for å
 198 integrere dei inn i det norske samfunnet.

199 Sunnfjord Høgre vil:

- 201 • Ta del i ein inkluderingsdugnad med mål om å få fleire i jobb
- 202 • Styrke norskopplæringa for innvandrarak og flyktningar
- 203 • Stille krav til resultat av introduksjonsprogrammet
- 204 • Styrke arbeidet med å tilby kveldsundervisning og moglegheit for at innvandrarak i jobb
- 205 kan ta norskopplæring i arbeidstida
- 206 • Legge til rette for at frivillige organisasjonar og lokalsamfunn blir involvert i integreringa
- 207 • Jobbe for at alle som kjem til Sunnfjord vert integrert i lokalsamfunnet og tek aktiv del i
- 208 samfunnslivet.
- 209 • Vedta ein eigen plan for integrering
- 210

211 Kultur, idrett og frivillegheit

212 Frivillige lag og organisasjonar er berebjelken for aktivitetar og gode fritidstilbod i kommunen.

213 Gode kultur- og aktivitetstilbod vil gjere Sunnfjord attraktivt for innbyggjarar, turistar, studentar og
 214 næringsliv. Talentutvikling for dei som skal sette sitt preg på kulturen framover er ei viktig
 215 oppgåve for kommunen. For mange born er deltaking på fritids- og aktivitetstilbod det kjekkaste
 216 som skjer i løpet av veka. Kommunen skal saman med frivillege vere med å legge til rette for at
 217 alle born får tilgang på eit idretts- eller kulturtilbod.

218 Sunnfjord er heim til mange av landets viktigaste kulturinstitusjonar og kulturskattar, og forvaltar
 219 såleis ein omfattande og betydningsfull kulturarv. Her må både det offentlege og private gå
 220 saman for å finne dei beste løysingane.

221 Sunnfjord Høgre vil:

- 222 • Støtte opp under frivilligheita som samfunnsbyggjar
- 223 • Sørge for at alle born og unge får delteke på minst ein fritidsaktivitet
- 224 • Rekruttere fleire frivillige
- 225 • Legge til rette for gode anlegg, arenaar og møteplassar
- 226 • Oppgradere Førdehuset og sikre gode symjefasilitetar
- 227 • Sikre kulturskulen gode areal og gje opplæring rundt om i heile kommunen
- 228 • Sikre distriktsmusikarstillingane
- 229 • At kyrkja skal ha ei sentral rolle, og at kyrkjene og kyrkjegardane vert haldne godt ved like

- 230 • Jobbe for realisering av eit nytt visningscenter på Astruptunet
- 231 • Jobbe vidare med «Astrupstien»
- 232 • Stille seg positive til gondolprosjektet i Kjøsnesfjorden.
- 233 • Jobbe for å utvikle badeplassar, stiar og friluftsområde.

234

235 Næring

236 Sunnfjord kommune har eit mangfaldig og attraktivt næringsliv. Sunnfjord kommune skal legge til
237 rette for fortsatt vekst og investering i kommunen sitt næringsliv.

238 Sunnfjord Kommune er den største landbrukskommunen i Vestland fylke. Landbruk, skogbruk og
239 næringsmiddelindustrien må styrkast i vår region.

240 Sunnfjord Høgre vil:

- 241 • Legge til rette for at bedriftene i kommunen kan vekse
- 242 • Bevare eit berekraftig og konkurransedyktig landbruk i heile kommunen, og legge til rette
- 243 for fornuftig bruk av naturressursane
- 244 • Arbeide for å styrke landbruket gjennom forenkling av lovar, reglar og støtteordningar
- 245 • Støtte opp om landbrukets betydning for reiseliv og kulturlandskap
- 246 • Legge til rette for auka hogst og planting gjennom ei aktiv skogforvaltning
- 247 • Støtte tiltak for auka satsing på frukt og grønt
- 248 • Arbeide for å styrke bonden sin råderett over eige areal
- 249 • Ta initiativ til at Vestland blir ein pilot for ei returordning på landbruksplast
- 250 • Sikre næringslivet tilgang til arbeidskraft ved å gjere kommunen attraktiv for innbyggjarar
- 251 og tilflyttarar.
- 252 • Dra nytte av dei naturgitte fordelane i kommunen som mineral, kraft og skog
- 253 • Utnytte potensialet på Moskog med tilgang til store mengde fornybar energi.
- 254 • Handelsnæringa vert støtta gjennom planarbeid og gode trafikk- og parkeringsløyisingar.
- 255 • Etablere djupvasskai av restmassane frå tunnel Erdal-Naustdal
- 256 • Kommunen skal vere ein servicevenleg ja-kommune.
- 257 • Det å vende seg til kommunen, uansett etat, skal verte oppfatta som ei positiv oppleving.
- 258 • Gjere søknadar meir forståelege, og forenkla og standardisere søknadsprosessar.
- 259 • Prioritere førehandssamtalar med dei som ynskjer det i forkant av søknadsprosess.
- 260 • At kommunen skal nytte klart og enkelt språk i kommunikasjonen mellom innbyggjarane
- 261 • Gjennomføre brukarundersøkingar for å gjere det enklare for innbyggjarane og bedrifter å
- 262 seie ifrå om positive og negative erfaringar.
- 263 • Legge tilrette for bustadbygging i takt med folketalsutvikling og kva folk ynsjer seg
- 264 • Styrke Sunnfjord Utvikling
- 265 • Støtte ein UNESCO-søknad frå Fjordkysten regional- og Geopark for området kring
- 266 Storehesten.
- 267 • Legge til rette for utvikling av djupvasskaia på Sveen for nærings- og cruiseverksemd
- 268 •
- 269

270 Klima og miljø

271 Heile verda står framfor ei omstilling, der alle må jobba saman om å få ned både klimautsleppa
272 og miljøutsleppa. Kommunen kan gjere tiltak lokalt for å bidra til dette.

273 Menneskeskapt global oppvarming er allereie eit problem, og dette vil auke i omfang om vi ikkje
274 tar grep. Her har også Sunnfjord kommune eit ansvar.

275 Sunnfjord Høgre vil arbeide å ha rikeleg og rimeleg fornybar energi. Sunnfjord Høgre meiner at vi
276 kan, både åleine og gjennom samarbeid, og må ta ei større rolle i å framskaffe meir miljøvennleg
277 kraft og ta denne i bruk til elektrifisering, omstilling og grønt skifte.

278 Sunnfjord Høgre vil:

- 279 • Velje klimavennlege løysingar i framtidige byggeprosjekt.
- 280 • Velje klima- og miljøvennlege produkt og løysingar der dette er tilgjengeleg og forsvarleg.
- 281 • Jobbe for mest mogeleg klimavennlege tenestekøyrety i kommunen.
- 282 • Kartlegge moglegheiter for utbyggingar av fornybar energi
- 283 • Kartlegge behovet for flaum- og rasdemping
- 284